



H. Sandvik AS  
Sandvikavegen 330  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4722 - 17/15971

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
31.05.2017

## Ferdigattest for tilkomstveg og avløpsanlegg - gbnr 62/18 Tofting

### Administrativt vedtak. Saknr: 248/17

**Tiltakshavar:** Eirik Breyholtz

**Ansvarleg søkjar:** H. Sandvik AS

**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tilkomstveg er etablert i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og vedtak i saka datert 22.01.2013.

Det er også stadfesta at minireinseanlegg er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og vedtak i saka frå 22.01.2013 samt utsleppsløyve med heimel i forureiningslova gjeve 22.01.2013.

Det vert elles vist til søknad motteken 26.05.2017

### Skildring

|                 |   |
|-----------------|---|
| Adresse:        | Lurevegen 1008  |
| Bygningstiltak: | Tilkomstveg og reinseanlegg                           |
| Avlaup:         | Frå reinseanlegg til bekk/elv med heilårs vassføring. |

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tilkomstveg til fritidsbustad og Biovac minireinseanlegg på gbnr. 62/18.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan



fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4722

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Eirik Breyholtz

Strandgt. 234

5004

BERGEN

**Mottakarar:**

H. Sandvik AS

Sandvikavegen  
330

5915

HJELMÅS